

**Reguleringsføresegner for Versto steinbrot, del av Vinje Kommune  
gnr.40 bnr.1, Vinje**

REGULERINGSPLAN

§1 Området regulerast til:

- spesialområde
- steinbrot /massetak
- privat veg
- klimavernsone

Dato 15/2 05

K-sak 05/84

§ 2 Føresegnene gjeld for det området som er visa med reguleringsgrense på kartet.

§3 Spesialområde:

Uttak av steinmasse.

a) Det skal utformast ein driftsplan, med kartdel i mål 1:1000.

Driftsplanen skal godkjennast av kommunen / Bergvesenet og utarbeidast etter dei krav som Bergvesenet stiller til slike planar og etter dei krav ein set med omsyn til drift i reuleringsplanar for massetak. Kommunen / Bergvesenet kontrollerer at drifta skjer i samsvar med godkjend driftsplan. Driftsplanen skal ajourførast kvart 5. år, eller etter nærare avtale.

b) Det skal ikkje vera drift mellom kl 19.00 kveld og 06.00 morgon måndag til fredag, ikkje i helgene eller på heilagdag.

c) Støy til omgjevnaden skal ikkje vera over 50 dBA .

Ein må sikre at det ikkje vert avrenning av ureining / slam til vassdrag.

d) Om massa skal brukast i samband med hus skal verdien av radium-226 ikkje vera over 300 Bp/kg.

§5 Klimavernsone. Strandsona skal takast vare på slik den er og med den naturlege vegetasjon som finns. Denne skal vera minst 5 m. brei.

§6 Fellesføresegner:

a) Området må sikkrast med bom, skilt, evt. gjerde og nødvendige tiltak settast i verk for å unngå skade på, person, eigedom og trafikk.

b) Uttaksdjupn i massetaket skal ikkje vera lågare enn 2m over vasstand i hylen. I område for lagring ikkje lågarer enn 1 m. over vasstand i hylen. Lågaste uttak kote 632 m.o.h.

c) Det skal byggast slamfang som hindrar avrenning til vassdrag.

§7 Uttak skal vera avslutta innan år 2015.

Etter avslutta uttak skal ein tilføre egna masse og lage naturlege skråningar og påføre vekstdekke der det er naturleg. Skråningar mindre enn rasvinkel, i lausmasse minder enn 1:2.

§8 Etter avslutta drift skal området gå attende til LNF område.